



Kontaktutvalet for Reinheimen  
Sekretariatet

---

Luster kommune

Vår ref  
2010/436/7/123

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Trond Stensby

Dato  
10.06.2010

## **Regional plan Ottadalen villreinområde - planprogram. Referat frå møte med Luster kommune 10.06.10**

Møte halde i Luster kommunehus, torsdag 10.06.10, kl. 13:30.

### **Til stades:**

Kjartan Kvien, Luster fjellstyre  
Oddvar Bolstad, Mørkrisdalen Viltlag  
Torunn Løne Vinje, Luster kommune, kommuneplanleggar  
Arne Ingjald Lerum, Luster kommune, plansjef  
Maria Collett Knagenhjelm, Luster kommune, naturforvaltar  
Trond Stensby, ref.

---

Det vart gjeve ei orientering om arbeidet med planprogrammet.

Det kom følgjande innspel:

- Kulturminne er eit tema – historielaget bør vera part
- Utfordring med vid plangrense, fare for å "virvle" opp konflikhtar som ikkje er relatert til villreinområdet, og elles få ein lite målretta prosess.
- Nordfjella – interkommunal kommuneplan vellukka, engasjerer kommunane på ein annan måte, meir bindande resultat
- Mørkrisdalen er landskapsvernområde, og elles god overlapping mellom villreinområde og verneområde i kommunen.
- Ønskjeleg at villreinen tek i bruk større areal i kommunen, tidlegare gjort tiltak, m.a. utsettingar
- Strid med DNT om ulovleg merka stig mellom Trulsbu / Sota sæter, Statskog SF har også teke opp saka.
- DNT ønskjer å bygge ny hytte ved Illvatnet, pga reguleringa ligg det utanfor verneområdet. Uttrykt motstand frå fjellstyre m.fl.
- Tosidigheit i DNT – både naturvern og utbygging

---

**Postadresse**  
Lesja kommune  
2665 Lesja  
**E-post:** postmottak@lesja.kommune.no

**Besøksadresse**  
  
**Internett**  
www.lesja.kommune.no

**Telefon**  
61 24 41 00  
**Telefaks**  
61 24 41 04

**Bank**  
2081.19.00142

- Kjem til å skje ei strukturendring i friluftsliv / reiseliv med sterkare grad av tilrettelegging, kommersialisering og eksterne aktørar.
- Reiseliv i Luster konsentrert til Turtagrø og Jostedalen. (Store arrangement kan vera ei belastning, gjeld mest Vest-Jotunheimen)
- Illvatnet, konsesjon på kraftutbygging, senking
- Hyttebygging, godkjende nye område, vesentleg konsentrert til Turtagrø.
- Småkraftverk er eit svært aktuelt tema i kommunen, men Mørkrisdalen har verna vassdrag
- Vegar inn i området (kan vera til sjenanse for reinen)
  - Til Fortunsanlegget frå Prestseinsvatnet
  - Nørstedalsseter – Medalen
- Kommunen meiner at det ved fastsetting av plangrense bør leggast vekt på tilpassing til dei hensynssoner som er lagt rundt verneområda, jf. nyleg vedteken arealdel for Luster.
- Kommunen kjem med innspel om plangrense, og evt. andre tema innan utgangen av juni 2010.

Med helsing

Trond Stensby  
nasjonalparkforvaltar